

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 129

Kjem ut
kvar måned

Juli 1941

Utgjevar og redaktør:
Prost Slaatteliid
Davik

12. årg.

Klippen.

De stotte klipper må smuldre,
alt synlig skal væres hen...
Jeg vet en Evig Klippe,
som står til slutt igjen.

Vel den som bor og bygger
på denne Klippe god, —
ham knuser ei strid og jordskjelv,
bortskyller ei dypets flod.

Ewald Sundberg
(i Barnets Herold).

Guds veldige hånd.

Den 9. april la Gud sin veldige hånd på oss alle her i Norge. Det kom så uventet og overraskende på oss. Vi var uforberedt — ikke bare militært, men også åndelig. Det ble så vanskelig å leve. — Alt det jeg så og hørte, så gjorde det meg både harm og bitter, og jeg stred med mange tunge tanker — inntil jeg fikk øye på Guds veldige hånd. Han ville tale med meg om mitt forhold til Gud, og Guds forhold til mitt folk.

Da måtte jeg bøye meg.

Vi har syndet så grovt her i Norge, både troende og vantro, både de enkelte og folket, at Gud ikke kunne utsette straffen lenger. Da jeg innså det, fikk jeg bøye meg for Gud, fikk kaste min sorg og mitt folks sorg over på ham — fikk fofeste og frimodighet.

Jeg har reist en del i sommer. Og jeg har på mine mange reiser, skjont at mange har hatt det på samme måte som jeg — ja, at mange ennå ikke er kommet ut av sin bitterhet og sitt hat; tvert imot er de kommet enda dypere inn i det. Og det merkes på dem — de er blitt utålmodige og rastløse. Og bitre. Men verst er det med gudsforholdet. De forstår ikke Guds straff

overfor Norge. Derfor merker man ikke så mye bot over folkets synder, men bitterhet mot mennesker. Jeg blir så trist når jeg ser dette. Og jeg tenker på den forskjell det er mellom dette og hva vi merket i 1905: den bønn som da gikk over landet. — Det har jo hendt at endog verdslige mennesker har sagt det til meg: Vi skjønte noe måtte komme, så veldig vi i Norge har syndet mot Gud. Bøyer vi oss under Guds veldige hånd, får vi også den rette ånd, får vi også den rette stilling utad, makter å opptre med ro, verdighet og disiplin, makter å be og lide for vårt elskede folk. Og da kan ingen kue oss og ingen skremme oss fra å gjøre det som vi etter Guds ord vet er rett.

O. Hallesby.

Bibelen.

Av Harry Blomberg.

Når så alt for mange mennesker i dag er forvirret og lamslått over det som skjer i vårt moderne Babel, så kommer det ikke minst av at de har vernet seg av med å lese Bibelen. Deres perspektiv er for kort, deres sammenligningsmuligheter for begrenset, og deres dommer derfor alt for unyanserte og forhastede. Folket ville få en ganske annen fast stil om dets ansvarlige ledere og opiniondannende menn og kvinner hver dag leste og grunnet over Bibelen. For det å oppdage Bibelen, det er å oppdage det mest enestående av alle livsperspektiver og stilles overfor det dypeste syn på historiens innhold: Guds handling med den enkelte og med folkene.

I Bibelens lys tar tilværelsen seg anderledes ut. Fra første til siste blad lyder et bestemt tema: Jeg, Gud, har skapt deg, menneske, til mitt bilde. Jeg, Gud, har kalt deg, menneske, til min tjeneste. Jeg, Gud,

har engang åpenbart meg i menneskelig skikkelse gjennom Jesus Kristus. Ditt liv, menneske, er et valg mellom meg og deg selv. Dette er det eneste, du stilles overfor: Å følge eller svikte. Å følge er å tjene meg, og jeg er kjærligheten.

— Hver gang jeg tar min lille lommebibel i hånden, blir jeg slått av det forbauvende faktum at så meget kan rommes innen i den. Alt menneskelig, det laveste som det høyeste, lever der. Det finnes ikke en mennesketype, ikke en forbrytelse, ikke en erfaring, en drøm eller heltegjerning, som ikke har fått sin klassiske utforming i Bibelen. Den er et hav av menneskekunnskap, skjønnhet og humor — ja også humor. Alt det skaldene skaper, blir, når det er best, kun variasjoner av det som allerede er sagt i Bibelen — klarere, mer fulltonende.

Katakombe-kristendom.

Skomaker og biskop.

I bladet »Junge Kirche« finnes en gripende liten skildring:

I den russiske by K. i en mørk kjeller sitter den gamle skomaker Innicenti ved sitt arbeidsbord og reparerer et par sko. Skumringen blir til mørke, og nå går døra opp. Inn kommer en ung mann, som griper den gamle skomakers hånd for å kysse den. Før den gamle tillater dette, ser han den unge mann forskende inn i ansiktet og spør: »Har du noe å si?« Den unge mann hvisker noe til den gamle, hvis ansikt begynner å lyse av indre glede. Han reiser seg, kysser ham og legger sine hender velsignende på hans hode: »Godt var det at du kom. Jeg var bange for at frykten skulle få overhånd. Gå bort og vær en hyrde for Guds lam. Gud være med deg! Gå nå bort, ti der kan hvert øyeblikk komme noen som ikke må se oss sammen.«

Hvem er den gamle skomaker? Han er biskop i den russiske kirke, lovlig valgt og innviet etter ordre fra den landsforviste patriark Peter, som er patriarken Tychons etterfølger. Som Paulus lever han av sine henders arbeide for ikke å være sine medkristne til byrde. — Under sin skomakerkittel bærer han tegnene på sin biskoppelige verdighet.

† Våre døde.

25. mai: Olga Kristiansdtr. Rye, kona til Matias Rye, Otteren, f. 1898, kreft.
26. mai: Kristine Rasmusdtr. Dombestein, kårnkje, f. 1856 på Myklebust, Ålfot, alderdom.
1. juni: Ingeborg Knutsdtr. Englestad, kårnkje, f. 1859 i Eid, alderdom.

Din ånd oss føre mildelig
på rette vei til himmerig
ved Jesum Kristus. Amen.

Notisar.

Døpte: 17. mai, Hjørdis, f. 14. april av f. Olaus Abrahamsson Strømmen og k. Agnes Albertsdtr. (f. Benæs). — 1. juni Liv Johanna, f. 28. mars av f. Johan Pedersson Gilleshammer og k. Lina Olsdtr. (f. Lyslo). — 2. juni Oddmar, f. 17. april av f. Otto Olsson Aurvoll og k. Margit Jonsdtr. (f. Sundal). — S. d. Gerd Åse, f. 30. jan. av f. Øyvind Kristensson Bortne og k. Leonora Rasmusdtr. (f. Høyenes). — S. d. Eldbjørg, f. 21. mars av f. Hjalmar Kristoffersson Husevåg og k. Annie Johansdtr. (f. Abrahamsen). — S. d. Solveig Anne, f. 31. mars av f. Leif Johnsson Fløtre og k. Anna Albertsdtr. (f. Bakke). — S. d. Randi Anny, f. 20. april av f. Gustav Knutsson Solibakke og k. Amanda Larsdtr. (f. Gløfjok). — S. d. Anny Oddlaug, f. 23. april av f. Knut Andersson Nore og k. Signe Rasmusdtr. (f. Maurstad). — 8. juni Kåre, f. 7. mai av f. Tomas Jensson Myklebust og k. Hjerdis Kristensdtr. (f. Myklebust). — 22. juni Magnhild Johanna, f. 18. mai av f. Harald Johansson Bakke og k. Maria Mikkelsdtr. (f. Berglund).

Ektevigde: 6. juni Einar Andreasson Brekke, Vik i Sogn, og Agnes Jensdtr. Øvrebø, Berle. — 21. juni Josef Kristiansson Gjengedal og Malfrid Didriksdtr. Almenning. — S. d. Alfred Andreasson Indredavik og Erna Steffensdtr. Leidal, Eid. — S. d. Alf Paulsson Dombestein og Malene Gustavs- dtr. Hundeide, Eid. — 28. juni Per Johansson Maurstad og Bergit Gustavs- dtr. Ervik.

Ved avgangsprøva i folkeskolen vart gjevne desse karakterar: Ålfot, 3 born, stil: 3, 1,5, 1,5, rekning: 1,5, 1, 1. — Isane: 1 b.: 2 og 3. — Dombestein: 1 b.: 1,5 og 1. — Reksnes: 2 b.: 1,5, 1,5 og 1, 1. — Elde: 3 b.: 2, 4, 2,5 og 1, 1÷, 1. — Haus: 3 b.: 2, 3,5, 1,5 og 1, 1, 1. — Kjølisdal: 2 b.: 3, 2,5 og 1, 1÷. — Maurstad: 5 b.: 3,5, 3, 4, 3,5, 1,5 og 1, 1,5, 1,5 1, 1. — Rimstad: 4 b.: 1,5, 2,5, 1,5, 1,5 og 1, 1, 1, 1,5. — Nordstrand: 5 b.: 3,5, 2,5, 3,5, 1,5, 3 og 2, 1,5, 2,5, 1,5, 1,5. — Husevåg: 3 b.: 1,5, 2, 2,5 og 1, 1, 1,5. — Tytingvåg: 1 b.: 2,5 og 2. — Oldeide: 1 b.: 1,5 og 1. Hamnen: 3 b.: 2, 2,5, 3 og 1, 1, 1÷. — Berle: 6 b.: 3,5, 1,5, 3, 2, 1,5, 1,5 og 1, 1, 1, 1, 1, 1. — Rugsund: 4 b.: 3, 4, 1,5, 2 og 1,5, 5, 1÷, 3. Davik: 6 b.: 2,5, 2, 2,5, 1,5, 2, 2,5 og 1, 1, 1, 1, 1, 1.

For 100 år sidan. Døde: 17. juli 1841 Marte Olsdr. Henøen, gårdmannskone, 61 år. - Vigde: 11. juli Jahn Mortensen Aarevig, 29 år, og Brithe Wiig, dtr. til Ole Pedersen Wiig, 23 år. — 4. juli Peder Nygaard, son til Jacob Pedersen, 22 år, og Oline Henøen, dtr. til Peder Olsen, 22 år.

Utvandra til Amerika frå Davik: 1873 Paul Abrahamsen Liden og Anders Pedersen Davignæs. Anthon Johnsen Vik og kona Johanne Olsdr. og 6 born, Johanne Hansdr. Angelshaug, Jørgen Abrahamsen Lien med kona Ingeborg Olsdr. og 5 born. 1875: Absalon Torjersen Isene, Ragnhild Hansdr. Angelshaug, Rasmus Isaksen Solibakke, Oline Abelsdr. Humborstad. Lars Monsen Gilleshammer. — 1876: Iver Johnsen Totland, Simiane Anthonsdr. Lillehaug, Isaline Jansdr. Hestevik, Lars Monsen Isene, Rasmus Johannesen Horn med kona Anne Olsdr. og 2 born, Anne Kristensdr. Eide.

Ofringar: Rugsund 2. juni til Menighetsfakultetet kr. 98.81. — Davik 1. juni til heidningmisjonen 66 kr. — Kjølisdal 1. juni til prostihjelperesten 53,97. — Totland 2. juni til Menighetsfakultetet 21.20. — Ålfot 15. juni til sjukerøktlaget 40.59.

Basarar: Bortne til Indre sjømannsmisjon 24. mars kr. 205.37. — Davik 3. juni til heidningmisjonen 247 kr. — Dombestein 12. april til Kinamisjonen 62.50. — Barneforeininga Solstrålen i Rugsund 17. mai til heidningmisjonen 150 kr.

Gudstenester:

- 7. søndag etter treening, 27. juli: Rugsund.
- 8. søndag etter treening, 3. aug.: Davik.
- 9. søndag etter treening, 10. aug.: Ålfot.
- 10. søndag etter treening, 17. aug.: Kjølisdal.
- 11. søndag etter treening, 24. aug.: Rugsund.
- 12. søndag etter treening, 31. aug.: Davik.

Kvittering for kontingent. Kristianne Haukedal, Alvine Føleide, R. Vingelven, Matias Bortne, Helga Lien, Andreas Lefdal, Astrid Dombestein, Elisabeth Dombestein, Marie Haugen, Anne Seime 2 kr. — Albert Øvrebø 1.50. — Johan Oldeide, Oline Vingelven, Alfhild Bortne, Mons Isane 3 kr. Kristofer P. Husevåg, Kristofer Midtbø, Hellfred Olsbø 5 kr. — Kristianne Bakke 2.50. — Lars Ytreeide 1.50. Tils. kr. 52.50.

Hjarteleg takk til alle.

Soga om Saul frå Tarsus.

(Framhald).

Til å byrja med var likevel motstandarane til den nye læra usamde seg imellom. Læra om oppstoda av dei døde var det store strids-spørsmål mellom sadusearar og farisearar, og då dei siste høyrde at nasarearane forkynte oppstoda frå dei døde med ålvor og stor verknad, hadde dei ikkje hug å gripa inn. Ja, Gamaliel sjølv hadde lagt seg opp i saka og meint, at ein måtte ikkje vera

for snar til å døma om denne merkelege blanding av sant og usant, som dei nasareiske kjettarane forkynte. Etter dette såg det mest ut som om farisearane ville halda handa over dei inntil vidare.

Men så med ein gong vart alt onnorleis, og Jerusalem kravde i rasande sinne at denne sekta skulle rydjast ut, og Saul, agenten åt det Høge råd, vart kalla til å føra striden, og fekk påbod om å slå nasarearane ned. Kva hadde hendt? Stefanus hadde opna eit nytt kapitel i den kristne forkynning. Han lærde at det som jødane såg på som endeleg, no hadde synt seg å vera berre ein overgang, at liksom der var ei tid då lova og tempelet ikke var til, såleis ville det koma ei tid då dei var borte. Med eitt ord: han forkynte at lova skulle avtakast og tempelet skulle forgå. — Og no byrjar dramaet i vår saga.

VI.

Saul kom inn i synagogen der Stefanus skulle tala, med overlegen mine og lette stig. Han var den flinkaste til å diskutera på den rettruande sida, og ei slik meiningslaus ranglære skulle ikkje kosta han mykje bal. Men — her møtte han noko nytt, han stod ansikt til ansikt med ein mann som Herren heilt ut hadde fått makt over og gjort til sin eigedom ved den Heilage ande. I dette menneske, Stefanus, var visdom og krafta i den kristne religion lekamleggjord. Han hadde av natura ein sterk personlegdom, som gjennomtrengd av Guds nåde, utførde store undergjerningar. Han var vakker å sjå til, var ein stor talar, hadde store intellektuelle gåver, og store evner som administrator. Han var ein mykje større mann enn nokon av apostlane, og han hadde overgeve seg fullt og heilt til Gud. Han synt fram alt det som Herren ville gjera for mennesket, i mennesket, ved mennesket. Det var frå denne mannen at Paulus fekk høyra dei store grunndrag i det evangelium som han sjølv seinare bar fram for verda. Denne mannen gjorde levande for han alle dei vanskane han sjølv hadde kjent, og gav ei fortolking av Israels historie som greip han meir enn noko anna han hadde høyrte.

Men midt i dette gjekk Sauls tankar attende til den store og edle Gamaliel og til solskinet som stråla på det gyllne taket over det Høgheilage Guds bustad på jorda.

Alltid hugsa han på, at den nye læra ville seia, at lova skulle forgå, at tempelet skulle falla, og at det var slutt på den von at jødefolket skulle råda over jorda. Det stod klart for han at her var Satan ute. Til all lukke var det mogeleg å tyna dette vonde ved å slå ned Stefanus!

Stefanus vart førd fram for rådet av fedrane i Israel og vart klaga for å ha spotta Gud. Han hørde på og tenkte. Hans veldige tategåver kunne kanskje endå frelse han — skulle han bruka dei? På den eine sida kviskra Satan til han, kor viktig det var for kyrkja at han levde, og utmåla for han alt han kunne gjera som apostel blant heidningane. På den andre sida kviskra engelen til han, at det var Guds vilje at hans store planar skulle verta openberra nettopp her i Jerusalem, og at den avgjerande timen var komen. Han visste ingenting om at den mannen som frå moders liv var kalla til å vera heidningane sin apostel, stod der framfor han — denne litte, tunne, urolege mannen med dei brennande augo, og det fine andlitet, som no var kvitt, samanbite, liksom stivna. Vi skjønar kven det var, som vakta på Stefanus no då han tok si heilage avgjersle, og som seinare fortalde til Lukas, at »andlitet hans lyste som var det ein engels andlit«. »Er du skuldig eller ikkje skuldig?« sa øvstepresten, og Stefanus byrja den tala som han ikkje fekk fullføra, den tala der han ofra sitt liv.

Då atterljomen av dei veldige domsorda hans var stilna, sat dei ei stund som stivna i sitt raseri, medan han, utan å leggja merke til dei, stod der oppteken av det himmelske synet, og ropa til dei at han såg himmelen open og Menneskesonen ved Guds høgre hand. Så styrmdede dei inn på han, drog han utanfor bymurane og steina han ihel. Saul, agenten åt det Høge råd, førde tilsyn med avrettinga. Han såg martyren, — som no ikkje lenger likna ein engel, men var uhyggjeleg å sjå på, blodut og fæl — lyfta seg opp på kne og be for sine mordarar, og så såg han denne sundslegne, blodflekkute tingen som ein gong hadde vore Stefanus, verta still i døden. Og då han gjekk heim til losjiet sitt, var det ein underleg ting som fyllte tankane hans med eit slags redsel: »Trass i alt,« mulla han ved seg sjølv, »det

var som han sovna inn, ja sanneleg, han sovna inn«.

VII.

Ein meinar vanleg at Apostelgjerningane av omsyn til Paulus fortel so lite som mogeleg om den forfyljinga som no braut ut. — Læresveinane rymde til alle kantar, vart fengsla, pinte, drepne. Dette var oppøste månader for han som skulle slå ned denne sataniske villfaring. Tilslutt såg det ut til at arbeidet var gjort i Jerusalem, men djvelskapet viste seg andre stader. I Damaskus var det verst, og så drog Saul dit for å halda etterrøking. Ein vakker dag reid sendemannen åt det Høge råd ut or byen i brodden for eit godt væpna fylgje og for nordetter. Rideturen over haugar og dalar i Judea og Samaria, gjennom øydemarkene ved Gadara og dei nakne vulkanske skrånningane på austsida av Hermonfjellet, tok omlag ei vike.

Heile denne vika var Saul åleine. Fylgjesveinane hans var ikkje noko å ta omsyn til for sendemannen frå Rådet. For fyrste gongen sidan Stefanus vart drepen, var han nøydt til å tenkja. Den fortrollande makt som Stefanus hadde fått over han, slepte han ikkje fordi om Stefanus var død. Det vart vanskelegare og vanskelegare for Saul å stampa mot brodden. Var det Stefanus's ånd som forfylgde han? Han kunne ikkje gløyma dette forferdelege heltemod som han synte utanfor byporten. Men likevel, det var umogeleg at Stefanus og den krossfeste timbermannen skulle ha rett, og Saul og den jødiske kyrkja urett! Såleis nærma han seg den augneblinken som omskapte hans liv og som i sin veldige verknad gjorde alt anna til ein skugge og ingenting, den augneblinken då han kom i direkte, personleg samband med Sanninga, med det Verkelege, med Gud.

Heile siste føremiddagen hadde dei skunda på; dei let vera å stansa og kvila for å nå fram tidleg om ettermiddagen. Litt om senn kom Damaskus til syne, sovande i den steikjande middagssola, omgjeven av valnøttre, fruktrelundar og palmer, ein perlegrå by som stig opp av eit hav av blågrå lauvskog med fjelløydemarka ikring.

(Meir).